



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 14

Telefaks 53 43 70 11

Justis- og beredskapsdepartementet
Rednings- og beredskapsavdelingen
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

UGGDAL, 14.02.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
14/108-5	1375/14	550	FSK/RAD/STDAL/ådh	

HØYRING - ORGANISERING AV BRANN OG REDNINGSVESENET

Me syner til skriv av 13. desember 2013, formannskapet handsama saka i sitt møte 5. februar og har slik uttale til Rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert brann og redningsvesenet si organisering og ressursbruk – «brannstudien»:

I høyringsbrevet opplyser Justis- og beredskapsdepartementet at det blei sett i gang ei arbeidsgruppe leia av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Arbeidsgruppa sitt mandat var å greia ut korleis dei samla ressursane i brann- og redningsvesenet kan nyttast best mogeleg, og i samhandling med andre beredskapsaktørar.

Arbeidsgruppa meiner at dagens brann – og redningsvesen ikkje er store nok til å kunna ivareta dei utfordringar som er i samfunnet i dag både når det gjeld beredskap og førebygging. Arbeidsgruppa har komen fram til tre modellar:

Modell 1:

Organisering og dimensjonering av brann- og redningsvesen som skal følgje fylkesgrenser dvs. 18-19 brannvesen.

Modell 2:

Organisering og dimensjonering som sikrar at eit brann- og redningsvesen skal dekkja minst 100 000 innbyggjarar.

Modell 3:

Organisering og dimensjonering som sikrar at eit brann- og redningsvesen skal dekkja minst 20 000 innbyggjarar.

Arbeidsgruppa konkluderer med at alle dei tre modellane gjev grunnlag for at brann- og redningsvesen på ein betre måte enn i dag skal kunna tilretteleggja for analyse, læring og kunnskapsutvikling, robuste og gode fagmiljø knytt til førebygging og betre handtering av ulike hendingar(beredskap). Arbeidsgruppa anbefaler modell 1 på grunn av:

- Størst rom for økonomisk effektivisering
- Kjent geografisk inndeling
- Kjente samhandlings aktører innan brann og beredskap
- Organisering av Sivilforsvar
- Fylkesros.

Det ligg eit grundig og godt arbeid bak studien som det i utgangspunktet er vanskeleg å vera usamd i. For Tysnes kommune kan det likevel vera vanskeleg å ha klare meiningar om kva som isolert sett er den rette av di det no føregår mange prosessar som etter vårt syn må sjåast i samanheng. Ein kan nemne:

- Nye distrikt for 110 sentralane
- Politistudien – mulig nye politidistrikt
- Politiske diskusjonar om framtidige kommunestruktur, større robuste kommunar.
- Organisering av helseføretak
- m.m.

Tysnes kommune meiner brannstudien må sjåast i samanheng med desse prosessane/studiane før ein tek endeleg avgjerd på kor ein skal orientera seg i høve samarbeidspartnarar.

Me er alle samde om at ein større region innan brann, redning og førebygging vil gje auka kompetanse og då spesielt på leiarnivå. Det er og sagt i studien at beredskapen skal bestå stort sett slik som den er i dag. Kommunen meiner at det er viktig å oppretthalde det gode førebyggjande brannvern-arbeidet som føregår lokalt. Dette for å vidareføra den gode kontakten som er etablert mellom brannvesen og innbyggjarar, verksemdar, institusjonar m.m. Dersom det skal vera aktuelt å skipa eit brann- og redningskorps i Hordaland fylke meiner kommunen at det også må etablerast ein lokal region/avdelingar, som kan handtera det daglege innan beredskap og førebygging. Brannsjefane i Hordaland har hatt eit møte/ide-dugnad for å drøfta ei slik løysing i Hordaland Fylke. Tysnes kommune ynskjer ei slik løysing velkomen og vil vera delaktig i ein slik prosess vidare. Grensene i distrikta i mellom kan ein diskutere etter kvart. Med utgangspunkt i dagens situasjon vil me rå til deltaking i ein region der me har fastlandssamband. I framtida vert det bru både til Stord og over Bjørnefjorden til Os. Dette vil auka transporten/trafikkmengda over Tysnes vesentleg! Då er det viktig å ha eit nært samarbeid med nabokommunar, spesielt mot Os med tanke på Bjørnefjordkryssinga, på eit slikt tidspunkt vil det truleg også vera gjennomført endringar av dagens kommunegrenser som gjev grunnlag for nye vurderingar kring dei spesialiserte regionane.

Det er mange føremonar med eit stort brannvesen – dei fleste er nemnd i studien me vil likevel trekkje fram kompetanse, større fagmiljø og samordning av innsats ved større hendingar (innsatsgrupper med spesialkompetanse) som viktige element. Spezialkompetanse både innan førebyggjande arbeid, beredskap og leiing. Totalt vil dette gjera oss betre rusta til å handtere komplekse oppgåver og den dagleg drift enn det me er i dag. Det er likevel vesentlege tilhøve som bør avklarast nærare, ein av dei viktigaste avklaringane vert det organisatoriske hopeha-

vet mellom ei brann og redningsteneste som skal ha ei fylkesvis organisering, men der kommunane framleis skal ha ansvar for tenesta.


Brannstudien tek og opp spørsmålet om beredskapsgrenser. I vårt distrikt har det over tid blitt innarbeida ulike grenser. Tidlegare fylgde beredskapsgrensene stort sett fylkesgrensene, medan ein no har ulike grenser mellom helseføretak, fagsentral brann, interkommunalt utval for akutt forureining, fylkesmannen si beredskapsavdeling mv. Dette gjer beredskaps bilete uoversiktleg, og kan kome til og skapa utfordringar for ei god samhandling mellom dei ulike aktørane ved store hendingar. Ved å etablere ein Fylkesmodell for brann og redning kan ein unngå dette, men det er då viktig at politidistrikt/helseføretak og andre samarbeidsaktørar innan beredskap også følgjer Fylkesgrensene.

Om den nye regjeringsplattforma kjem fram til at ein skal slå saman kommunar for å skapa meir robuste kommunar, vil det også føra med seg at det blir meir robuste brann- og redningsvesen rundt omkring i Noreg. Tysnes kommune meiner at organisering av brann og redningstenesta må ta opp i seg desse moglege endringane, men ser også at ein ny struktur også kan tilpassast inn i inndelinga i spesialiserte regionar.

Konklusjon

Tysnes kommune ynskjer brannstudien velkomen, men meiner at brannstudien må sjåast i samanheng med politistudien, eventuelt nye politidistrikt, nye distrikt for 110 sentralane, og framtidig kommunestruktur før ein tek endeleg avgjerd på kor ein skal orientera seg i høve samarbeidspartnarar. Dersom ein likevel skal ta stilling til forslaga i rapporten, vil ein rå til alternativ 1 med ein lokale regionar.

Med helsing
Tysnes kommune



Steinar Dalland
rådmann